

Norsk Ordbok 2014

ÅRSRAPPORT 2012

Innleiing

Norsk Ordbok 2014 (NO 2014) legg med dette fram årsrapport for 2012. Det overordna målet for NO 2014 har vore å produsera manuskript til *Norsk Ordbok* i tråd med den produksjonsplanen organisasjonen har avtalt med Kulturdepartementet. I 2012 var hovudmåla for NO 2014-organisasjonen å ferdigstilla arbeidet med band 10 av ordboka, samt å produsera 553,6 sider manuskript til band 11. Alle prioriteringar av delmål gjennom året er gjorde med tanke på å oppnå hovudmåla for prosjektorganisasjonen i perioden.

Band 10 av ordboka dekkjer alfabetbolken frå og med substantivet *skodde* til og med adjektivet *stæveleg*. Med den redigeringskapasiteten organisasjonen har hatt til rådvelde i produksjonsperioden, blei manuskriptet til bandet sendt ut av redaksjonen 15. mars 2012. Ved årsslutt hadde redaksjonen vidare førstegongsredigert 518,3 sider materiale til band 11. 172,8 av desse sidene hadde i løpet av året gått gjennom alle kvalitetssikringsinstansane i redaksjonen og fått status ”Til korrektur”.

15. mars 2012 lanserte NO 2014 ny nettside (www.no2014.uio.no). På nettsida ligg alle ordartiklar som er produserte fullelektronisk i prosjektperioden i søkbar elektronisk form (dette dekkjer alfabetstrekket frå og med *i* til og med *stæveleg*). I nettutgåva er det også utvikla brukarvenleg tilleggsfunksjonalitet. Organisasjonen vil gjerne takka Det Norske Samlaget, som har vist stor velvilje for nettordboksprosjektet, og Eining for digital dokumentasjon (EDD), som har stått for utviklingsarbeidet.

Redaksjonen har eit jamt høgt produksjonspress. Det inneber at organisasjonen også i år har måtta prioritera ned nokre av deloppgåvene som var sette opp i årsplanen for 2012. Av dei underordna målsetjingane som var sette opp i årsplanen, har me likevel gjennomført dei organisasjonen har vurdert til å støtta mest konkret opp om produksjon og framdrift. I tillegg er det lagt vekt på å arbeida med tiltak som peikar framover mot prosjekt etter 2014.

Manusproduksjon

Redaksjonen har i 2012 nyredigert 55,3 sider manuskript til band 10, slik planen la opp til. I tillegg er det nyredigert 518,3 sider manuskript til band 11. Grunnen til at produksjonsmålet blei sett noko lågare enn i 2011, er at det i 2012 gjekk til frådrag 1,5 mnd. til ferdigstilling av band 10. Redaksjonen arbeider heile tida aktivt med å halda manuskripta innanfor den strenge omfangsdimensjoneringa. Dette blir vanskelegare etter kvart som materialtilfanget veks, og det er tidkrevjande å arbeida ut manuskript som held seg innanfor oppsett linjetal. Dei redaksjonelle løysingane som i 2011 blei arbeidde fram for å møte dimensjoneringsproblema, har redaksjonen halde fram med å bruka i 2012, og dei ser ut til å vera velfungerande. Dei redaksjonelle rutinane fungerer godt, og manuskriptstraumen til hovudredaktør og fram til korrekturstatus er jamn.

Folk og opplæring

Ved utgangen av 2012 var 28 personar knytte til redaksjonen i redaktørfunksjon. Den eine av desse arbeider 25 % i redaksjonen og er i ulønt langvarig utdanningspermisjon i dei resterande 75 %. Éin redaktør er i langvarig 100 % studiepermisjon, og vikariatet for denne redaktøren har stått tomt sidan 15.8.12. Éin redaktør har vore i fødselspermisjon i perioden 1.4.–31.12.12. Fleire redaktørar har gjennom året hatt ulønt omsorgspermisjon i mindre stillingsbrøkar, og éin redaktør har hatt 10 % stillingsreduksjon for skuld ei bistilling ved Høgskulen i Volda. Éin redaktør går i 30 % mellombels pensjonsordning. Éin hovudredaktør (fast tilsett ved ILN) har hatt fem månader ulønt permisjon. Ein annan hovudredaktør har hatt 20 % stillingsreduksjon heile året for å arbeida med Språkrådet og ILNs revisjon av *Nynorskordboka*. Desse tilhøva er gjorde nærare greie for i Vedlegg 1 til årsrapporten.

Éin fast tilsett redaktør og ein redaktør som gjekk i engasjementstilling har begge slutta i løpet av året. I den faste stillinga har me tilsett ein ferdig opplært redaktør som alt var inne i eit langvarig vikariat i redaksjonen. Det sistnemnde vikariatet blei difor ståande tomt frå 15.8.12, og kjem til å gå ut i februar 2013. Perioden er for kort til at det ville vera kostnadssvarande å ta inn ein ny redaksjonell medarbeidar i opplæring i desse attverande månadsverka. Hovudgrunnen til dette er at det ikkje har vore utsikter til ei meir langvarig stilling i prosjektorganisasjonen.

Administrasjonen tel tre personar (inkl. prosjektdirektør) fordelte på 3 årsverk, og me har dessutan 1,5 stilling til redaksjonssekretærordning. Den eine redaksjonssekretæren har hatt ulønt permisjon i 20 % i perioden 1.1.-30.9.12, og ulønt permisjon i 80 % i perioden 1.10.-31.12.12. I den siste permisjonsperioden har det vore sett inn vikar i 50 %. Ein av medarbeidarane i administrasjonen har hatt fødselspermisjon frå og med 23.11.12. Det er sett inn vikar i 60 % stilling.

I 2012 har to personar vore knytte til prosjektet som vitskaplege assistentar.

Redaksjonen er svært sårbar for utskiftingar, og den største risikofaktoren i prosjektet fram mot slutføring er at me mister ferdig opplærte redaktørar. I 2012 har me kompensert noko tap av redaktørtid med ny redaktørarbeidskraft. Grunnen er at organisasjonen første halvår 2012 hadde til rådvelde ein ferdig opplært redaktør som dei seinaste åra har vore inne i fleire kortvarige mellombels engasjement. Dette har gjort oss i stand til å ha ein produksjon som er meir i samsvar med planen enn det me elles ville hatt. Som ein hovudtendens opplever organisasjonen likevel at det er vanskeleg å dekkja opp for vakante redaktørmånadsverk.

Humanistisk fakultet ved UiO har i 2012 meldt til prosjektet at redaktørane ved prosjektslutt vil ha utvida rettar etter tenestemannslova. Dermed har dei tilsette fortrinnsrett til ledige stillingar dei er kvalifiserte til.

Frikjøpet av ein hovudredaktør i 20 % stilling til å leia arbeidet med oppgradering og revisjon av *Nynorskordboka* og dei administrative oppgåvene som har falle på prosjektet i samband med dette revisjonsarbeidet har ført med seg nokre vanskelege avvegingar for NO 2014-organisasjonen. Me har brukt tid på å finna fram til ei løysing som skal sikra at prosjektet ikkje yter eigne ressursar inn i dette arbeidet, samstundes som det er eit arbeid som av omsyn til både fagleg styring, rekruttering og framdrift fell inn under arbeidsoppgåvene til det leksikografifaglege miljøet ved ILN.

Utvikling av verktøy og utviding av materialet

På utviklingsplanen for 2012 for samarbeidet mellom Eining for digital dokumentasjon (EDD) og NO 2014 stod fullføring av arbeidet med nyskriving av delkomponentar i applikasjonsdatabasen. Utviklingsarbeidet har hatt førsteprioritet i perioden og status for arbeidet blei lagt fram på NO 2014s juleseminar 13.–14.12.12.

NO 2014 v/ prosjektdirektøren fekk i 2012 etter søknad kr 74 100 i fondsmidler frå D.A. Seips fond til bruk på korrekturlesing og tilrettelegging av tekstmateriale frå 1911-utgåva av Den 17de Mai før innlegging i *Det nynorske tekstkorpuset*. NO 2014 vil gjerne takka D. A. Seips fond for at me fekk midlar til å gjera dette viktige arbeidet.

NO 2014 har i 2012 også utvida materialet gjennom at 19 576 nye setlar er lagde inn i Setelarkivet. I arbeidet har organisasjonen hatt svært god hjelp av NAV-lønt assistent som har vore knytt til redaksjonsgruppa i Trondheim

I 2012 har organisasjonen arbeidd vidare med digitalisering av Norsk målføresynopsis. Arbeidet er finansiert gjennom individuelle forskingsmidlar frå sju NO-redaktørar og ein tilsett ved EDD. NO 2014 er svært takksame for at medarbeidarane i redaksjonen vel å bruka forskingsmidlane sine på denne typen fellestiltak.

Me har i 2012 vidareført arbeidet med redaksjonsintern skolering. Dette er gjort gjennom interne redaksjonsseminar. Det er gjennomført 7 redaksjonsseminar-samlingar i 2012, og redaksjonen opplever desse seminara som fagleg svært nyttige.

NO 2014s rådgjevande gruppeleiar møte har i 2012 hatt seks møte og drøfta 18 redaksjonelle spørsmål.

Administrasjonen

Administrasjonen har i 2012 bestått av prosjektdirektør Åse Wetås, seniorkonsulent Andreas Tandberg, konsulent Ragnhild Norheim Førland (10.3.–23.11.2012) og konsulent Gunnhild Wentzel (1.1.–9.3.12 og 24.11.–31.12.12). I tillegg har desse medarbeidarane utført redaksjonell støttefunksjon i form av sitatkontroll av manuskript: Gudmund Harildstad (80 % i perioden 1.1.–30.9.12 og 20 % i perioden 1.10.–31.12.12), Håvard Tangen (50 % heile året), Gunnhild Wentzel (50 % i oktober 2012) og Helene Urdland Karlsen (50 % i perioden 1.11.–31.12.12).

Styret

I 2012 har desse vore medlemmar av styret for Norsk Ordbok 2014: Styreleiar Magnus Rindal, nestleiar Randi Alice Nilsen, Inger-Johanne Ullern, Edmund Austigard, Unn Røynealand, Christian-Emil S. Ore og Dagfinn Rødningen. Vara Endre Brunstad møtte for Unn Røynealand første halvår 2012. Styret har hatt fire møte og handsama 30 saker.

Formidling

2012 har vore eit vellukka formidlingsår og redaksjonen har fått positiv respons i fleire forum. For skuld stram prosjektøkonomi og høgt arbeidspress var det ikkje mogleg å gjennomføra noko lanseringsarrangement til lanseringa av band 10. Dermed har prosjektet fått mindre medieomtale enn i tidlegare lanseringsår (sjå vedlegg 3).

Ordboksredaksjonen har vore representert med føredrag på fem fagkonferansar i året som gjekk. To redaktørar heldt føredrag saman på NFL-symposiet på Lysebu i januar 2012. Prosjektdirektøren heldt føredrag på workshop for store nasjonale dokumentasjonsordboksverk i Berlin i mars. Éin hovudredaktør heldt føredrag på konferanse for dialektordbøker i Wien i juli. Åtte redaktørar deltok på ICHLL-kongress i Jena same månaden, medan tre deltok på kognitivlingvistisk kongress i London. Fire redaktørar deltok på Euralex-konferanse i Oslo i august 2012, og éin av desse heldt føredrag. Éin redaktør var i arrangementskomiteen for Euralex. Éin redaktør deltok på leksikografikonferanse i Erlangen i september, medan ein annan deltok med føredrag på sociolingvistisk symposium i Berlin i september. Til saman har redaksjonen halde fem faglege innlegg på desse konferansane. Redaksjonen opplever den faglege formidlinga og deltakinga på fagkonferansar som svært meiningsfull, men har dessverre hatt lite tid å setja av til å førebu faglege føredrag dette året. Høvet til vidare fagleg utvikling er ein viktig føresetnad for at staben greier å halda medarbeidarane motiverte til å møta dei faste og høge produksjonskrava i det daglege.

Også i år deltok NO 2014 på Forskingstorget i Oslo (21.–22.9.). Dette året deltok me saman med Språkbanken. Me vil i denne samanhengen takka Nasjonalbiblioteket for godt samarbeid i planlegging og gjennomføring av tiltaket, samt for at dei finansierte deltakinga. I november deltok NO 2014 med eitt føredrag på fagleg-pedagogisk dag for lærarar frå vidaregåande skule. Slike tiltak gjev positiv merksemd til prosjektet vårt, men me har i høve til tidlegare år måtta redusera denne typen formidling for skuld høgt press på det redaksjonelle arbeidet.

Anna

NO 2014 sende i oktober søknad til Stortingets jubileumskomite om å få delta i programmet for grunnlovsfeiringa i 2014. Søknaden er også sendt til Kulturdepartementet.

Takk

Me vil nytta høvet til å takka Stortinget, Kulturdepartementet, Universitetet i Oslo og Institutt for lingvistiske og nordiske studium som har gitt Norsk Ordbok 2014 gode arbeidsvilkår også i 2012.

Oslo, (dato)

Åse Wetås
Prosjektdirektør

Magnus Rindal
styreleiar

Hovudmål for 2012

1.Redaksjonen skal ferdigstill band 10 av Norsk Ordbok til den oppsette fristen 14. mars 2012	Band 10 av Norsk Ordbok blei sendt til forlaget 15. mars 2012. Bandet var på totalt 1630 spalter (815 sider).
2. Redaksjonen skal nyskriva 55,3 sider manuskript til band 10 av Norsk Ordbok og 553,6 sider av band 11.	I perioden blei det nyskrive 55,3 sider manuskript til band 10 og 518,3 sider manuskript til band 11.
3. Me skal føra 200 sider av band 11 gjennom alle ledd av den redaksjonelle kvalitetkontrollen.	I perioden blei det lagt 172,8 sider band 11-manuskript til korrektur.

Delmål

Rammevilkår

1. Finansiering og organisering

1.1 Finansiering

Mål 2012	
a) Me vil søkja KUD om midlar over statsbudsjettet 2013 innan fristen 1. mars.	Gjennomført innan fristen.
b) Me vil arbeida for at prosjektet blir sikra tilstrekkjelege inntekter til å dekkja løns- og driftskostnader i perioden 2012-2014.	Det er gjennomført to møte med KUD der saka er teken opp (NO 2014-møte 12.1.12 og møte etter initiativ frå Det Norske Samlaget 16.4.12). Nynorsk Forum har teke saka opp både i brev til KUD i juli 2012 og i brev til stortingskomiteen etter framlegget av St.prp.1 (2012-13). ÅW var saman med Audun Heskestad på møte med statssekretær Morten Søberg i Finansdepartementet om saka 16.10.12.
c) Me vil søkja finansiering til arbeidsoppgåver knytte til tilrettelegging av relevant materiale gjennom aktuelle utlysingar i perioden (jf. pkt. 3d, 7d, 8c, 9a og 13a).	Det er søkt om midlar til UiOs utstyrspott for tungt vitskapleg utstyr (avslag), Sparebankfondet (avslag), D.A. Seips fond (løyving på kr 74 100), Fritt ord (avslag). I tillegg har åtte redaktørar fått høve til å søkja om småforskmidlar frå ILN for 2012.

1.2 Organisering

Mål 2012	
a) Me vil styrkja arbeidet for at samlingsverksemda blir konsolidert innanfor rammene av ILN, samstundes som prosjektet har sitt eige budsjett og administrative handlingsrom.	NO 2014 og ILN har bede HF om å melda inn til universitets- og høgskolerådet ei sak om framtidig organisering av dei vitskaplege språksamlingane ved UiO. Budsjettinnspela til UiO-budsjettet legg til grunn at dei vitskaplege språksamlingane manglar finansiering. HF skal ta saka om samlingane opp til vurdering våren 2013.

b) Me skal i samarbeid med ILN planleggja ein permanent post 2014-organisasjon for vedlikehald og utvikling av eNO-databasen.	NO 2014 har teke opp saka med ILN-leiinga.
c) Manuskriptkontroll skal framleis skje ved gruppeleiarane, ved kryssjekkgruppa, ved sitatkontrollen og ved hovudredaktør (men jf. pkt 1d).	Under arbeid. Det er i arbeidet med band 11 innført ein ekstra kontroll av produksjonsfase på manus som har vore i omløp i meir enn fem månader, slik at ingen manus blir liggjande.
d) Me vil vidareføra ordninga med at nyare redaktørar får tilbod om å kollegalesa manus frå røynde kollegaer. Målet med tiltaket er kvalifisering av yngre redaktørar.	Ein ny redaktør har blitt sett til kollegalesing på gruppeleiarnivå.
e) Me vil arbeida for å vidareføra god og regelmessig kontakt med ILN og HF.	ILN-leiinga er på lunsjbesøk i GA25 første fredagen i kvar måned. Samlingsmiljøa ved ILN hadde det årlege dialogmøtet med leiinga 13.4.12. To redaksjonsmedlemmar (EHT og LSV) har sete i ILN-styret i 2012, og éin (DW) har vore i ILNs forskingskomité.

2. Lokalisering og arbeidstilhøve

Mål 2012	
a) Me må i samarbeid med ILN og HF arbeida for at Oslo-redaksjonen blir sikra lokale som både er tilpassa verksemda og som samstundes dekkjer krava til arbeidsmiljø for medarbeidarane.	ILN-samlingane og NO 2014 må ut av lokala i GA 25, og Teknisk avdeling (TA) fann tidleg i september 2012 nye og eigna lokale til NO 2014/ILN-samlingane i NHA. Desse lokala hadde Institutt for lærarutdanning og skoleforskning (ILS) tidlegare fått lovnad på, og rektoratet avgjorde at ILS skal inn i NHA-lokala. Før jul blei det bestemt at samlingsmiljøet skal delast på fire adresser, og NO 2014 blir flytte til Nemko-bygninga (GA 30). Ordboka kan bli i GA 25 fram til 1.6.13. I NTNU-redaksjonen er det nå tilfredsstillande kontorlokale til dei tilsette, og biblioteksressursane våre på Dragvoll er ordna av tilsett på NAV-midlar.
b) Me må i samarbeid med ILN og HF sikra at den planlagde flyttinga sommaren 2012 i minst mogleg grad går ut over det redaksjonelle arbeidet.	Det er tilsett ein eigen flyttekoordinator som skal halda tak i alle praktiske og tekniske detaljar kring flyttinga.
c) Me må sikra at dei nye redaksjonslokala gjev tilfredsstillande tilhøve for nettbruk og straumopplegg.	Er meldt inn til TA og vil bli undersøkt i detalj før flyttinga skjer.
d) Me skal arbeida løpande for å sikra eit godt fysisk og sosialt arbeidsmiljø for redaksjonen.	Det er etablert kontakt med bedriftshelsetenesta for individuell tilpassing av nye arbeidsplassar etter flyttinga, samt at me arrangerer fellesmøte om ergonomi og spørsmål som gjeld fysisk arbeidsmiljø etter

	innflyttinga i nye lokale.
--	----------------------------

3. Personale

Mål 2012	
a) Me vil ha ein redaktør tilsett i vikariat for perioden der LSV er i permisjon.	Gjennomført.
b) Me vil halda nær kontakt med ILN om å ta inn MA-studentar som vel arbeidslivsrelevant MA (og der 30 studiepoeng skal takast ute i relevant verksemd).	Det er få studentar som vel dette løpet, og ingen har bede om å få NO 2014 som praksisplass.
c) Me vil gje opplæring til eventuelle nye redaksjonsassistentar.	Det har ikkje vore aktuelt å tilsetja nye redaksjonsassistentar i perioden.
d) Me vil engasjera hjelp for å utføra ymis redaksjonell støttefunksjon (tagging, normering etc.). Tiltaket føreset ekstern finansiering.	Ein assistent arbeider med Norsk målføresynopsis (Småforskmidlar). Ein annan les korrektur på D17M 1911 (Midlar frå Seip-fondet). Ein assistent har skanna svarlister frå Trønderarkivet (løyving på kr 35 000 frå ILNs forskingskomité).
e) Me vil forsøka å få minimum 25,5 produktive redaktørårsverk ut av løyvinga vår.	Me fekk i 2012 24,51 produktive redaktørårsverk ut av løyvinga.
f) Me skal arbeida vidare for å sikra stabiliteten og framdrifta i det redaksjonelle arbeidet, gjennom å be om det årsverket som manglar for at redaksjonen har 28 redaktørstillingar.	I budsjettproposisjonen 8.10.12 låg det ikkje inne midlar til eit ekstra årsverk. Nynorsk forum har teke opp saka i brev til stortingskomiteen, utan at dette førte til endring.
g) Me vil arbeida for å få på plass ein person på arbeidsmarknadstiltak frå NAV i Trondheims-redaksjonen.	Gjennomført.

Manusarbeid

4. Band 10 og band 11

Mål 2012	
a) Band 10 skal ferdigstillast til 14. mars 2012.	Bandet blei sendt til forlaget 15.3.12.
b) Til band 10 skal det utarbeidast innleiingstekst innan 20. februar.	Gjennomført.
c) I staden for å publisera tillegg til bibliografien band for band vil me halda NO-bibliografien løpande oppdatert på nettet (jf òg pkt. 4d).	Gjennomført i perioden.
d) Me vil i samarbeid med Samlaget laga plan for utarbeiding av ei oppdatert brukarrettleiing med fullstendig bibliografi til det fullførde verket i 2014.	Det må søkast midlar til arbeidet med ei slik brukarrettleiing i budsjettsøknaden for 2014.
e) Me skal i perioden 15.3.-31.12. nyredigera	Det blei redigert 518,3 sider manuskript til

553,6 sider av band 11.	band 11 av Norsk Ordbok.
f) Kvalitetskontrollen av artikkelmaterialet skal skje løpande (sjå òg hovudmål 3).	Dette fekk me i mykje større grad til med band 10 enn med band 9. Dei nye rutinane er integrerte i arbeidet med band 11.
g) Me skal omfordela bolkar omgåande dersom det er redaktørar som ikkje kan redigera ferdig eigne arbeid.	Gjennomført i perioden.
h) Me skal leggja til rette for god kommunikasjon mellom redaktørar som har bolkar som overlappar kvarandre.	Gjennomført i perioden. ÅW synkroniserer arbeid som går på tvers av gruppene og me har etablert rutinar for teknisk bistand for redaktørar som ønskjer fellesmøte og/eller virtuelle diskusjonsforum.

5. Arbeid med prosjektverksemd post 2014

Mål 2012	
a) Me skal arbeida vidare med eit post 2014-prosjekt for revisjon og fullelektronisk integrering av band 1–5 av Norsk Ordbok.	Det ligg føre eit utkast til plan for revisjon av dei første banda, og saka er meld inn til KUD.
b) Som eit ledd i 2015-arbeidet skal det gjerast ferdig ei kvitbok som inneheld sentral dokumentasjon av metode, ressursar og kompetanse i NO-organisasjonen	Gjennomført.
c) Me vil arbeida for å synleggjera kompetanse, metode og ressursar NO 2014 rår over, og vil i perioden marknadsføra dette for eit breiare norsk og internasjonalt forskarnettverk.	<ul style="list-style-type: none"> • Fagleg innlegg om digitalisering og elektroniske ressursar på workshop i regi av Deutsches Wörterbuch von Jakob Grimm und Wilhelm Grimm/Berlin Brandenburg Akademie der Wissenschaften (25.-27.3.12). • Heildagsmøte med Svenska Akademiens Ordbok i GA25 der SAOB fekk demonstrert dei språkteknologiske leksikografiske verktøya som er bygde opp i NO 2014. • Besøk av to forskarar frå Dansk Talesprogs-Ordbog (DTO) med innføring i redaksjonelle metodar, kompetanse og ressursar i NO 2014 (30.5.12). • Notat til ILN om formidling av språkteknologiske ressursar i NO2014-prosjektet (23.5.12). • Innlegg på SIDG-kongress (Internasjonalt forum for dialektologi og geolingvistikk) i Wien (juli 2012) • Besøk av Eveline Wandl-Vogt frå Instituttet for austerrisk dialektologi, Wien. Innføring i databasesystem og

	applikasjon (10.8.12).
d) Me vil arbeida med å leggja til rette for nye dialektologi- og leksikografiprojekt i Trondheim for dei tilsette i redaksjonsgruppa ved NTNU etter 2014.	Møte med DKNVS om framtidig lokalisering av redaksjonsgruppa ved NTNU (21.5.12). Møte med Fiskeri- og kystdepartementet, Landbruksdepartementet, Stiftelsen Norsk matkultur og Lokalhistorisk institutt om opprettinga av ein matkulturwiki (ÅW, EJE 24.8.12).
e) Me vil bidra til å styrkja ILNs arbeid med nye leksikografiske prosjekt etter fullføringa av Norsk Ordbok 2014, slik St.meld. 35 (2007-08) legg til grunn.	Følgd opp i perioden. ILN-leiinga har så langt ikkje ønskt å trekkja inn erfaring frå NO 2014 i den planlegginga instituttet i perioden har gjort av eit framtidig dokumentasjonsprosjekt for bokmål.
f) Me vil identifisera andre aktuelle post 2014-prosjekt og diskutera desse med relevante samarbeidspartnarar (Språkrådet, Samlaget, Språkbanken, Aasen-tunet, Allkunne.no. osv.).	Følgd opp i perioden. Det skulle etter planen arrangerast eit seminar om ordbokspolitikk for norsk etter 2014 i regi av Språkrådet hausten 2012. Seminaret er utsett til mars 2013.

Utvikling av verktøy

6. Redigeringsapplikasjonen

Mål 2012	
a) Me skal gjera ferdig arbeidet med nyskriving av redigeringsapplikasjonen i Java.	Arbeidet er i god gjenge og mykje er ferdig. Søkjesystem for alle delapplikasjonane var på plass til utgangen av 2012. Applikasjonen er i år endra slik at det ikkje skal vera mogleg å oppretta normalartiklar som ikkje er kopla til grunnlagsdokumentasjon i MO.
b) NO 2014 skal levera spesifikasjonar til redigeringsapplikasjonen og me skal gje løpande respons til utviklingsarbeidet EDD gjer på programmeringssida.	Følgd opp i perioden. Testomgjevnadene er klare og me har levert oversyn over ønske for endra og forbetra funksjonalitet til det vidare arbeidet. Saka blei seinast drøfta på samrådsmøte mellom EDD og NO 2014 7.12.12, og resultata av arbeidet blei presenterte på NO 2014s faglege juleseminar 13.-14.12.12.

7. Elektronisk utgåve av ordboka

Mål 2012	
a) Me skal i samarbeid med ILN få på plass ei avtale om publiseringsrettar for eNO fram til utgangen av 2014. Fristen me har for å gjera dette er 1.4.12.	Saka låg ved årsskiftet til behandling ved ILN. NO 2014 har bede om at ho blir ferdigforhandla.
b) Me skal arbeida vidare for at ILN og Samlaget etablerer ei avtale om rettane til den elektroniske ordboksbasen etter 2014.	Saka låg ved årsskiftet til behandling ved ILN (jf òg 7a).
c) Me publiserer ei testutgåve av eNO (som omfattar den delen av ordboka som er	Gjennomført med lansering 15.3.12.

fullintegert i den elektroniske ordboksdatabasen) på dei nye nettsidene til NO 2014.	
d) Nettstadgruppa skal arbeida vidare med funksjonalitet og utforming av eNO på nettet etter respons på testversjonen. Tiltaket føreset ekstern finansiering.	Me har søkt ekstern finansiering til tiltaket (Sparebankstiftelsen, Fritt Ord), men har i 2012 ikkje fått midlar til vidare arbeid med nettstaden.

8. Setelarkivet (SA)

Mål 2012	
a) NO 2014 skal testa og gjeva respons til EDD på ny søkjefunksjon i setelapplikasjonen (søkjefunksjonaliteten skal brukast i heile den nye applikasjonen).	Følgd opp i perioden (jf pkt. 6 a).
b) Me skal arbeida med å få på plass konverteringstabell til nye unicode-teikn frå teiknsett i gamle SA.	Følgd opp i perioden.
c) Me vil fotoskanna mikrofilmane av setelarkivet for å få byta ut dei gamle faksimilane med bilete. Arbeidet er stipulert til 3 mnd.-verk assistenthjelp og føreset ekstern finansiering.	Filmane er ferdig skanna og bileta er kopla mot setelbasen. Vidare arbeid i 2013 føreset at me finn finansiering til å merka opp om lag 30 000 oppslagsord som til nå har vore uleselege.
d) Me skal få ei juridisk vurdering av UiO-jurist på tilgjenge til å publisera lyd og bilete i nye SA.	Me vil ta saka opp saman med prosjektet "Norgeshistorie på nett", som også treng avklaring på slike spørsmål. Ikkje fullført i 2012.

9. Målføresynopsisen

Mål 2012	
a) Me vil vidareføra arbeidet med den digitale synopsisen, gjennom å gjera han søkbar på kolonnetitlar og stad, og gjennom å fullføra registreringa av synopsisprotokollane frå Vestlandet og Nord-Noreg. Registreringsarbeidet skal foregå v/timelønt assistent og føreset ekstern finansiering.	Småforskningsmidlar frå 8 forskarar (sju ved NO2014 og ein ved EDD) blei i 2012 nytta på dette arbeidet. Midlane er brukte på 1 mnd.-verk registrering v/vit.ass. og 3 veker verk programmering. Protokollane for Austlandet og Trøndelag er lasta inn i applikasjonen. Bruken av midlane er rapporterte for til ILN.
b) Me vil presentera den digitale synopsisen på fagkonferanse i Wien i juli for å gjera ressursen kjend for eit større forskarmiljø.	Gjennomført.

10. Redigeringshandboka

Mål 2012	
a) Me vil revidera redigeringshandboka på dei punkta der evaluering av arbeidet med band 10 viser at det trengst endringar og presiseringar.	Følgd opp i perioden. Redaksjonens lanseringsseminar i mai 2012 tematiserte underoppslaget, med tanke på fullstendig kapittelrevisjon i RH. Leiarmøtet har gått gjennom del 1 av nytt UO-kapittel på septembermøtet.

b) For å nå måla i 10 a) vil me bruka redaksjonsseminaret til å drøfta redaksjonelle problemstillingar.	Det er gjennomført sju redaksjonsseminarsamlingar i 2012. Eitt seminaremne er flytt over som innlegg på NO 2014s faglege juleseminar.
c) Me skal ha ei kontinuerleg utbygging og innarbeiding av redaksjonelle vedtak gjennom heile året.	Følgd opp i perioden.

Utviding og forbedring av tilfang

11. Nynorsk tekstkorpus

Mål 2012	
a) Me vil arbeida med å få på plass avtalar med rettshavarane til materiale me ønskjer å leggja inn i det nynorske tekstkorpuset. I perioden skal det prioriterast å få avtalar med rettshavarar til artikkelmaterialet i Norsk Allkunnebok.	Følgd opp gjennom året. Det har blitt sett gang i arbeidet med å kartleggja rettshavarar til NoAllk, og to avtalar er underskrivne i 2012.
b) Om me får tilgjengelege midlar, vil me engasjera sommarhjelp for å tagga meir tekst for innlegging i korpuset.	NO 2014 har i perioden ikkje hatt eigne midlar å bruka på sommarhjelp (sjå også pkt. 11 h). Det er i perioden lagt til rette 26 titlar med barne- og ungdomslitteratur. Desse skal i 2013 leggjast ut i korpuset.
c) Me vil ta ny kontakt med Digforsk om moglegheiter for hjelp til digitalisering av kjeldemateriale.	Ikkje gjennomført i perioden.
d) Me vil få laga integrert teljeverk i korpuset, slik at trefflistene også gjev opplysningar om talet på treff.	Det er utarbeidd frekvenssortering, slik at ein nå kan få opp oversyn over talet på førekomstar av ei gitt form eller ein gitt søkjestreng.
g) Me skal arbeida vidare med korpusfunksjonalitet på Norsk Ordboks nye nettsider.	Følgd opp gjennom året (jf. òg pkt. 11.d).
h) Me vil halda fram arbeidet med å tagga opp og leggja inn 1911-årgangen av Den 17. Mai i korpuset. Arbeidet blir gjort som redaksjonell støttefunksjon.	ÅW har søkt om og fått tildelt kr 74100 frå D.A. Seips fond til dette arbeidet. Midlane er brukte i perioden juli-september 2012 og rapporterte for innan fristen 17.11.12. Fram til årsskiftet blei dei 55 første nummera av årgangen korrekturlesne og klargjorde for innlegging i korpuset.
i) Me går i dialog med Nasjonalbiblioteket om tilgjenge til eldre OCR-lesne titlar i tekstformat.	Følgd opp i perioden. Tekstane er av svært varierende kvalitet i OCR-lesen versjon.
j) Me skal arbeida med moglegheiter for vidare utvikling av korpuset i samarbeid med Språkbanken.	Følgd opp i perioden. Språkbanken har fått korpuskontraktar frå 2000 og utetter og ønskjer å reforhandla dei. ILN ønskjer primært ei lisens- eller kompensasjonsavtale med Språkbanken, og den vidare diskusjonen om dette går mellom ILN og NB.

12. Metaordboka

Mål 2012	
a) Me vil halda oppe ei løpande normering av Metaordboka (MO).	Følgd opp i perioden.
b) Me vil publisera digitaliserte ordsamlingar i Ordbokshotellet.	Tiltaket har ikkje vore mogleg å prioritera i perioden.
c) Me vil arbeida vidare med å tagga opp eldre ordsamlingar og leggja dei inn i Ordbokshotellet.	NO2014 har ikkje hatt faglege ressursar å disponera inn i dette arbeidet i 2012.
